

Referat etter foreldremøte for 5.årstrinn 12.02.2015

7 av 9 heimar var representerte.

It's Learning: Alle foreldre har ein brukarkonto på itsen(It's learning).

Brukarnamn: **5.trinn**, Passord: **fødti2003**. Her finn de generell info, årsplanar, månadsbrev osb.

Elevane(har eigen konto) leverer av og til lekser på itsen gjennom eit mailsystem. Fint om dei først lagrar i eit skriveprogram og lastar dokumentet opp som eit vedlegg.

I neste plan periode skal elevane lese inn leselekse på itsen. Då går dei inn på ny melding-sett inn-nytt lydopptak-leser inn teksten-lagre og send. Elevane får opplæring i korleis dei skal gjere det. Om elevane ikkje har mikrofon på datamaskin heime får dei lese det inn på skulen.

Foreldrefesten, onsdag 29.april: Elevane inviterer til foreldrefest der dei viser eit program for foreldra. Etterpå vert det mat som klassekontaktane bestiller. Kvar heim tar med eigen drikke (brus, kaffi, saft, vatn...). Foreldre kan òg bidra med underhaldning om dei ynskjer det.

Skøytedag til Bergen i regi av FAU: Det er kome innspel frå foreldre om ein kan arrangere ein skøytedag i Bergen. FAU og foreldremøtet stiller seg positive til forslaget. Turen vert evt. arrangert for 5.-7.trinn.

Klassemiljø: Det er eit svært godt miljø i klassen. Dei trivst i saman og er glade og fornøgde. Me har fokus på klassemiljøet i saman og prøver å ha små avbrekk i kvardagen med for eksempel smartboard aktivitetar, konkurransar osb.

17.mai møte: Det vart avtala å ha eit møte i 17.mai komiteen, onsdag 18.februar kl. 20.00 på skulen.

Takk for oppmøtet!

Linn Stevnebø

klassekontakt.